



› Organisasjon

TILSETTE

I alt 623 personar var tilsett i Giske kommune ved utgangen av 2022. Av desse er 510 kvinner og 113 menn. Dei 623 tilsette er fordelt på 528 årsverk.

Tilsette fordelt på sektor og kjønn

	2020			2021			2022		
	Kvinner	Menn	Totalt	Kvinner	Menn	Totalt	Kvinner	Menn	Totalt
Totalt	508	119	627	523	111	634	510	113	623
Sentraladministrasjon	17	4	21	19	3	22	20	3	23
Oppvekst	220	50	270	211	43	253	219	44	263
Helse/sosial	251	37	288	272	37	309	262	44	306
Kultur	3	3	6	2	3	5	2	3	5
Teknisk	10	20	30	8	19	27	7	19	26
Anna	7	5	12	11	6	18			

Lærlingar

Giske kommune hadde også i 2022 eit godt samarbeid med Sunnmøre kommunale opplæringskontor. Vi hadde 6 lærlingar fordelt på faga helsefagarbeidar, barne- og ungdomsarbeidar og institusjonskock. Det var er eit ønskje å auke talet på lærlingar, men på grunn av svært stram økonomi er det ikkje gjort.

Sjukefråvær

Giske kommune får kvart år fråværsopplysningar frå Statistisk sentralbyrå. Her får vi ikkje informasjon om fråværet for heile året, men legemeldt fråvær for siste kvartal 2021 var 7,4 % , mot 6,5 i fjor.

Sjukefråværet for 4. kvartal (2022: 3. kvartal) fordelt på sektor - Giske kommune (Kjelde: SSB)

Næring	2018	2019	2020	2021	2022/3
Alle næringer	7,0	6,5	6,5	7,3	6,6

Næring	2018	2019	2020	2021	2022/3
Offentlig administrasjon mv.	6,6	5,7	6,6	3,3	8,1
Off. adm., undervisning, helsetj. samt pleie og omsorg	6,7	6,7	6,2	7,1	6,6
Undervisning	6,4	8,0	3,9	7,1	6,5
Grunnskoleundervisning	6,9	8,3	4,0	7,1	6,2
Helsetjenester	6,1	3,0	6,1	8,1	7,1
Pleie og omsorgstjenester i institusjon	3,9	5,0	3,0	6,8	5,9
Andre omsorgsinstitusjoner samt bofellesskap	7,7	7,9	8,7	7,9	7,5
Sosiale omsorgstj. uten botilbud, ekskl. barnehager	4,4	4,8	9,1	10,3	2,7
Barnehager	8,6	7,1	5,4	3,7	4,3
Barnevernstjenester	1,4	2,5	7,9	13,3	4,7
Kommunale sosialkontortjenester		18,9			

Tal for sjukmelde i 4. kvartal 2022 var ikkje tilgjengeleg i SSB-statistikken då tabellen vart lagt inn i årsmeldinga. Tala for 2022 er difor henta frå 3. kvartal.

Heiltid

Mest mogleg heile stillingar er viktig for kontinuitet, stabilitet og samla kompetanse. Det betyr mykje for arbeidsmiljø, likestilling og kvaliteten på tenestetilbodet.

Talet på heiltidstilsette har auke siste åra, og det er bra!. I 2022 arbeidde 52 % av alle tilsette i Giske kommune heiltid. I helse/pleie/omsorg var det 33 % som arbeidde heiltid, ein auke frå 30 % i 2021. I undervisning var andelen 67 % mot 62 % i 2021. I barnehage var 52 % heiltidstilsette, mot 48 % i i 2021.

75 % av alle tilsette jobber 75 % eller meir. I fjor var andelen 72 %.

Gjennomsnittleg stillingsbrøk i Giske kommune var 82 % mot 80 % i 2022 og 79% i 2021.

Likestilling

Kjønnsbalansen i Giske kommune er 82% kvinner og 18 % menn. Fordeling mellom kvinner og menn i oppvekst er 83 % kvinner og 17 % menn, i helse/pleie /omsorg er fordelinga 88 % kvinner og 12 % menn. Lønsutvikling kvinner og menn kjem fram av tabellen under.

Av 21 leiarar i kommunedirektøren sitt leiarforum var 3 menn og 18 kvinner. Kvinnene si snittløn var kr 860 040,- og mennene si snittløn var kr 812 124. Kommunedirektør og 3 kommunalsjefar er ikkje med her.

Omsyn til likestillingslovgivinga sine krav er nedfelt i arbeidsgivarpolitiske dokument som lønspolitisk plan, prosedyre for rekruttering, handtering av mobbing og trakassering o.l. og tydeleg belyst i all leiaropplæring. Vi oppfordrar det underrepresenterte kjønn til å søkje ledige stillingar, - Giske kommune er som alle andre kommuner sterkt kvinnedominert. Tiltettelegging for seniorar og tilsette med funksjonsnedsettelse er tema i medarbeidar- og oppfølgingssamtaler. I helse og omsorgstenesta er uønska deltid kartlagt, og resultatet har vore eit nyttig utgangspunkt i arbeidet med å redusere uønska deltid.

Lønsutvikling kvinner og menn 2018 - 2022

	Årsløn 2018	Årsløn 2019	Årsløn 2020	Årsløn 2021	Årsløn 2022
Kvinner	472 740	491 940	529 008	552 216	572 304
Menn	486 660	503 892	525 024	552 300	575 688

Heiltid og deltid i Giske kommune (oppgitt i %) - fordelt på sektor 2020 og 2021

		2020	2021	2022
Alle	Deltid	56	52	48
	Heiltid	44	48	52
Administrasjon	Deltid	57	55	49
	Heiltid	43	45	51

		2020	2021	2022
Undervisning	Deltid	46	38	33
	Heiltid	54	62	67
Barnehagar	Deltid	56	52	47
	Heiltid	44	48	53
Helse/pleie/omsorg	Deltid	73	70	67
	Heiltid	27	30	33
Samferdsel og teknikk	Deltid	50	20	19
	Heiltid	50	80	81

Stillingsstorleik per tilsett	Kjønn	2020		2021		2022	
		Tal på tilsette	Prosent	Tal på tilsette	Prosent	Tal på tilsette	Prosent
0 - 24,9%	Kvinner og menn	42	6,7	46	7,3	44	6,8
	Kvinner	35	6,9	36	6,9	35	6,7
	Menn	7	5,9	10	9,0	9	7,4
25 - 49,9%	Kvinner og menn	47	7,5	39	6,2	36	5,6
	Kvinner	39	7,7	30	5,7	29	5,6
	Menn	8	6,7	9	8,1	7	5,8
50 - 74,9%	Kvinner og menn	101	16,1	96	15,1	81	12,6
	Kvinner	84	16,5	90	17,2	70	13,4
	Menn	17	14,3	6	5,4	11	9,1
75 - 99,9%	Kvinner og menn	160	25,5	152	24,0	150	23,3
	Kvinner	150	29,5	140	26,8	137	26,2
	Menn	10	8,4	12	10,8	13	10,7
100%	Kvinner og menn	277	44,2	301	47,5	332	51,6
	Kvinner	200	39,4	227	43,4	251	48,1
	Menn	77	64,7	74	66,7	81	66,9

Rekruttering

Giske kommune har som dei alle fleste kommuner store utfordringar når det gjeld å rekruttere helsepersonell, dette gjeld i særleg grad sjukepleiarar og vernepleiarar, men vi ser også ei aukande utfordring i å få rekruttert nok fagarbeidarar. Vi ser dessverre også at det er vanskeleg å få tilsett tilstrekkeleg kvalifiserte personar i ledige undervisningsstillingar, -vi har for mange ufaglærte i oppvekstsektoren. I teknisk sektor er heller ikkje søkjarlistene lange, men vi har kvalifiserte søkjarar.

Innan oppvekstsektoren er det ikkje innført ekstra rekrutteringstiltak i særleg gra. For pleie og omsorgstenestene er fleire rekrutteringstiltak sett i verk for å betre på situasjonen. Det er nytta stipendordning for sjukepleiarar og vernepleiarar, det er etablert dagstillingar innan sjukepleie, og det er gjort ein god jobb i å endre arbeidsfordelinga til sjukepleiarar, fagarbeidarar og assistentar slik at sjukepleiarar får brukt kompetansen sin hovudsakleg til reine sjukepleiefaglege oppgåver. Det er vidare innført ordning med kjøkkenvert, og alle omsorgsdistrikt har, i samarbeid med NAV, personar på arbeidspraksis. Løn godt over tariff er også brukt som eit rekrutteringstiltak.